



Ole Vidar Monsen og Vegard Arthun Bergane - arrangør og fast vinnar av Solfjelløpet

**Solfjelløpet er Uskedalens spektakulære bidrag til motbakkkefamilien og det vert avvikla søndag 17. juni - for fjerde gongen. Nytt i år er at det er opna for online påmelding både for trim- og konkurranseklassa og det skjer ved at ein nyttar heimesida til idrettslaget.**

**Leiar Ole Vidar Monsen kallar det eit jomfrueleg prosjekt der det er vanskeleg å spå om resultatet, men tanken er sjølv sagt å auke deltakinga.**

At folk planlegg og plottar inn denne helga i større grad enn før er eit anna moment sjølv om påmeldinga ikkje er bindande. Eit tredje moment er at det ikkje blir så strevsamt på sjølve tevlingsdagen. for arrangøren

Monsen peikar og på at det kostar 150 kroner online i konkurranseklassa mot 200 på løpsdagen. I trimklassa kan ein melda på familie og det lønar seg frå 3 personar, men taket er 5. Det kostar 60 kroner for enkeltpersonar. Monsen advarar elles mot undervurdering av pluss 90-klassen som har eit betydeleg potensiale!

Kven vil så gå til topps i år? På mannssida er det nok ikkje lett å bryta sigersmonopolet til Vegard Arthun Bergane som har vunna kvart år og har rekorden med 42,40. Kvinnerekorden er

det arrangørlagets eigen Margun Eik som har med 52,54.  
Ho er heller ikkje lett å slå  
frå Haugland til Solfjelltoppen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen